



MØTEINNKALLING

Utvalg: Driftsstyret
Møtestad: Møterom Voldsfjorden, evt. møterom Austefjorden. Rådhuset 1.etg.
Dato: 18.11.2015
Tid: 14:00

Framlegg til årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 vert lagt ut på lesebretta/evt. sendt pr. epost den 13. november.

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 31/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 32/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 33/15	Kommunale representantar til samarbeidsutval ved skulane og dei kommunale barnehagane
PS 34/15	Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019. Handsaming i driftstyret

PS 31/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 32/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Vibeke Berge

Arkivsak nr.: 2015/2272

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

33/15

Driftsstyret

18.11.2015

KOMMUNALE REPRESENTANTAR TIL SAMARBEIDSUTVAL VED KOMMUNALE BARNEHAGAR OG SKULAR

Administrasjonen si tilråding:

Driftsstyret vel representantar og vararepresentantar frå kommunen til samarbeidsutvala ved kommunale barnehagar og skular i Volda for perioden 2016-2019:

<u>Barnehage/ skule</u>	<u>Representant</u>	<u>Vararepresentant</u>
-------------------------	---------------------	-------------------------

Austefjord barnehage

Engeset barnehage

Folkestad barnehage

Lauvstad barnehage

Mork barnehage

Oppigarden barnehage

Sollia barnehage

Austefjord skule

Bratteberg skule

Dalsfjord skule

Folkestad skule

Mork skule

Vikebygda skule

Volda ungdomsskule

Øyra skule

Vedleggsliste:

1. Kommunalt valde representantar og vararepresentantar til samarbeidsutval ved kommunale barnehagar og skular i Volda for perioden 2011-2015
2. Utdrag frå barnehagelova og opplæringslova

Saksopplysningar:

Barnehagelova § 4 seier at barnehageeigar kan vere med i samarbeidsutvalet etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn dei andre gruppene som er representerte. Volda kommune har ein politisk valt representant og ein vararepresentant i samarbeidsutvala til alle dei kommunale barnehagane.

Opplæringslova § 11-1 seier at det i samarbeidsutvala ved skulane skal vere to representantar frå kommunen, der rektor er den eine.

Driftsstyret har fått delegert saker under opplæringslova og barnehagelova og skal slik velje representantane til samarbeidsutvala. Administrasjonen rår til at dei politisk valde representantane vert valde for heile den kommunale valperioden og at dei så langt som råd er medlemmer eller varamedlemmer i driftsstyret. Ein rår også til at dei politisk valde representantane er busette i den aktuelle skulekrinsen.

Vurdering og konklusjon:

Driftsstyret vel representantar og vararepresentantar frå kommunen til samarbeidsutvala ved kommunale barnehagar og skular i Volda for perioden 2016-2019.

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Dei som vert valde til representantar og vararepresentantar
Dei kommunale barnehagane og skulane
Opplæring og oppvekst
Servicekontoret



VOLDA KOMMUNE

Kommunalt valde representantar og vararepresentantar til samarbeidsutval ved kommunale barnehagar og skular i Volda for perioden 2011-2015:

<u>Barnehage/ skule</u>	<u>Representant</u>	<u>Vararepresentant</u>
Austefjord barnehage	Astrid Gjersdal	Odd H. Sundal
Engeset barnehage	Hildegunn Homberset	Inger-Lise Eiken
Folkestad barnehage	Stig Helland	Ann-Elin H. Bjørkedal
Lauvstad barnehage	Mari Aksnes	Per L. Steinsvik
Mork barnehage	Magnar Sunde	Bjørn Ytrestøl
Oppigarden barnehage	Odd Einar Magnussen	Sindre Rotevatn
Sollia barnehage	Lena Sætre	Idar Andre Flo
Austefjord skule	Odd Harald Sundal	Astrid Gjersdal
Bratteberg skule	Egil Berg	Kjell Tore Aarstad
Dalsfjord skule	Sindre Kvangarsnes	Mari Aksnes
Folkestad skule	Hermann Dahl	Jenny Venås
Mork skule	Margrete Bjerkvik	Magnar Sunde
Vikebygda skule	Benedikte Holmberg	Sindre Rotevatn
Volda ungdomsskule	Håvard Strand	Anne Grete Eiken
Øyra skule	Jan Henning Egset	Lena Sætre

Utdrag frå barnehagelova:

§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.

Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

Utdrag frå opplæringslova:

§ 11-1. Samarbeidsutval ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.

Dersom samarbeidsutvalet får delegert styringsoppgåver frå kommunen, kan kommunen nemne opp fleire representantar til utvalet. Kommunen kan nemne opp samarbeidsutvalet som styre for skolen etter § 11 og § 20 nr. 4 i kommunelova. Dersom kommunen nemner opp eit anna styre for skolen enn samarbeidsutvalet, skal minst to representantar for foreldrerådet vere med i styret. Inga av gruppene elevar, tilsette eller foreldre kan ha fleirtal i styret aleine. Rektor har rett til å møte, tale og komme med framlegg.

Kommunen kan skipe eit felles samarbeidsutval for grunnskole og kommunal barnehage. Etter avtale kan ei tilsvarande ordning etablerast mellom privat barnehage og kommunal skole. Utvalet skal ha to representantar for elevane, ein representant for undervisningspersonalet, ein representant for andre tilsette i skolen, to representantar for dei tilsette i barnehagen, to representantar for foreldrerådet i skolen og to representantar for foreldrerådet i barnehagen. I tillegg til dei representantane for kommunen som følgjer av første og tredje leddet, kan eigaren av barnehagen nemne opp inntil to medlemmer.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Henrik Skovly

Arkivsak nr.: 2015/1559

Arkivkode: 151

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

34/15

Driftsstyret

18.11.2015

ÅRSBUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016-2019. HANDSAMING I DRIFTSTYRET

Administrasjonen si tilråding:

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Saksopplysningar:

Framlegg til årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 vert ettersendt/lagt ut på lesebretta på torsdag den 12. nov.

Henrik Skovly
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans: